



Sakspapir

Saksnr:	Utval:	Dato	
	Kommunestyret		
Sakshandsamar:	Kari Torkildsen Utkilen		
Arkivsaknr.:	14/1714	Klassering:	FE - 233

Rullering av handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2017

Rådmannen sitt framlegg til tilråding/vedtak:

Prioritering	Ordinære anlegg		Eigekapital	Spelemidler
1	1264004101 Turveg Vardetangen	Fornyast	1 000 000	1 000 000 (godkjendt)
2	Rehabilitering av grusbane Kaland	Idrettsfunksjonell godkjenning	Venter på rekneskap for å søkje	
3	Rehabilitering av garderobe Kaland	Idrettsfunksjonell godkjenning		200 000
4	Rehabilitering gymsal	Idrettsfunksjonell godkjenning		
5	Universell turveg - prosjektering Steinaldersti Fosnstraum	Idrettsfunksjonell godkjenning		
Prioritering	Ordinære nærmiljøanlegg		Eigekapital	Spelemidler
1	12640040 Opparbeiding av Årvika	Fornyast		213 000
2	1264004601 Aktivitetsflate Fonnes	Fornyast		237 000
3	Rehabilitering av ball binge Kaland	Idrettsfunksjonell godkjenning	Venter på rekneskap for å søkje	
4	Aktivitetsløype Årvika Vardetangen	Idrettsfunksjonell godkjenning		
5	Redskapsbod i Årvika friluftsområdet	Idrettsfunksjonell godkjenning	50 000 Ungdomsklubben og ungdomsrådet skaffer midlar/dugnad-sponsor	50 000
6	Sportscourt Kaland	Idrettsfunksjonell godkjenning	300 000	300 000

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vurdering

Idrettsanlegg.no er eit register over alle idrettsanlegg i Noreg, og alle søknader skal registrerast elektronisk. Det er ein føresetnad at prosjekt vi søker spelemidlar til skal stå i ein prioritert liste i det rullerte handlingsprogrammet til planen. Ein kan søke om tilskot til bygging og/eller rehabilitering av idrettsanlegg som er opne for allmenn idrettsleg verksemd, idrett og fysisk aktivitet for alle. (ref. DKK-rundskriv V-0994 N). Vi kan søkje om spelemidlar til ordinære anlegg og ordinære nærmiljøanlegg. Det er fleire søknadar enn det er spelemidlar i fylket, og vi må rekne med å søkje i minst 3 år før vi kan vente å få utbetalt tilskot til Ordinære anlegg, mens tilskot til Ordnære Nærmiljøanlegg ser ut til å gå raskare.

Ref. DKK-rundskriv V-0994N «Planar ein søker om tilskot til, må ha vore gjennom ei vurdering og vorte gitt ei idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for å sikre at anlegget tek omsyn til idrettslege behov og gode idrettsfunksjonelle løysingar. Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning vert gitt av den departementet gir myndigheit til, i dei fleste tilfelle kommunen, eller av departementet. Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning må ligge føre før ein set i gang med byggearbeida. Sjå V-0732 pkt. 2.5.» I Austrheim kommune er det kulturavdelinga som handsamar spelemidlar og etter samråd med teknisk- og planavdelinga vert det laga ein førehandsgodkjenning. På bakgrunn av denne kan vi starte prosessen med å søkje om spelemidlar innan 15. januar. Prosjekt kan dermed starte opp før endeleg søknad vert sendt inn med eit kvalifisert budsjett/anbud/faktisk kostnad/finansieringsplan m.m.

Ordinære anlegg:

Vi fornyar søknadar som er godkjent tidlegare: Universell turveg Vardetangen. Idrettsfunksjonell godkjenning som er klar til å søkje når kostnader m.m er klar: rehabilitering av grusbane på Kaland, rehabilitering av garderobe- og dusjanlegg på Kaland, rehabilitering av gymsal Kaland skule, Universell turveg Steinaldersti Fosnstraumen
Søknadsfrist 15. januar.

Ordinære nærmiljøanlegg:

Uteanlegg eller område for eigeorganisert fysisk aktivitet. Vi fornyar søknader vi har fått godkjent tidlegare: opparbeiding av Årvika, Aktivitetsflate (Fonnesstraumen velforening). Idrettsfunksjonell godkjenning som er klar til å søkje når kostnader m.m er klar: Aktivitetsløype Årvika Vardetangen, Rehabilitering av ballbingen på Kaland, Redskapsbod i Årvika, Sports court Kaland.
Søknadsfrist 15. januar.

Austrheim kommune samarbeidar med Radøy kommune for oppgradering av Steinalderstien på begge sider av Fosnstraumen. Hordaland fylkeskommune lagar skøytselsplan og vi har kontakt med grunneigarar og Bergen og Omland friluftsråd for mogleg statleg kjøp av grunn, og tilrettelegging av friluftsområde og formidling av kulturminne. Vi søker om spelemidlar for å prosjektere ein universell turveg til ein møteplass/formidlingsplass plassert like før Fosnstraumbua i Austrheim (der stien startar i dag). Denne planen vil vi bruke for å få med sponsorar/fylke/stat m.m til fullfinansiering av anlegget «Steinaldersti Fosnstraumen»

Prioriteringa av dei ulike anlegga vert gjort i høve til rådmannen sin kjennskap til kor langt det enkelte prosjekt er kome i planlegginga, og etter søknad og signal frå lag og organisasjonar. Austrheim kommune har vedteke «Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv» og følgjer opp målsetjinga i planen. Visjon: «*Aktiv kvar dag, heile livet*»

Økonomi: Prosjekt vert ikkje starta før vi har finansieringa klar.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at rulleringa av handlingsprogrammet for dei neste åra vert vedteke slik han ligg føre:

Prioritering	Ordinære anlegg		Eigekapital	Spelemidlar
1	1264004101 Turveg Vardetangen	Fornyast	1 000 000	1 000 000 (godkjendt)
2	Rehabilitering av grusbane Kaland	Idrettsfunksjonell godkjenning	Venter på rekneskap for å søkje	
3	Rehabilitering av garderobe Kaland	Idrettsfunksjonell godkjenning		200 000
4	Rehabilitering gymsal	Idrettsfunksjonell godkjenning		
5	Universell turveg - prosjektering Steinaldersti Fosnstraum	Idrettsfunksjonell godkjenning		
Prioritering	Ordinære nærmiljøanlegg		Eigekapital	Spelemidlar
1	12640040 Opparbeiding av Årvika	Fornyast		213 000
2	1264004601 Aktivitetsflate Fonnes	Fornyast		237 000
3	Rehabilitering av ball binge Kaland	Idrettsfunksjonell godkjenning	Venter på rekneskap for å søkje	
4	Aktivitetsløype Årvika Vardetangen	Idrettsfunksjonell godkjenning		
5	Redskapsbod i Årvika friluftsområdet	Idrettsfunksjonell godkjenning	50 000 Ungdomsklubben og ungdomsrådet skaffer midlar/dugnad-sponsor	50 000
6	Sportscourt Kaland	Idrettsfunksjonell godkjenning	300 000	300 000

Saksparter